

## Referat frå prosjektgruppemøte 27.mai 2009

**Møtestad:** Strandebarm skule

**Tid:** 09.30 - 11.00

**Tilstade:** Olaug Værland, rektor Strandebarm skule  
Øystein Ådland, forhenværande skulesjef  
Rolf K. Seldal, påtroppande skulesjef  
Tove Haugen, prosjektleiar

### 1. Orientering om prosjektet

Den påtroppande skulesjefen fekk ei kort orientering om prosjektet.

Det er bestemt at Øystein Ådland vil fullføre sluttfasen av prosjektet og rapporteringa som skal gjerast i samband med prosjektslutt (1.oktober 2009) sjølv om han er gått av som skulesjef.

### 2. Gjennomgang av referat frå sist møte

Det var ingen merknader til referatet. Referatet ligg på Kvam herad sine nettsider under "Kvammaskulen" Frå ord til handling. <http://www.kvam.no/skule/kvammaskulen/>

### 3. Oppsummering av besøk av representantar frå Udir.

23.april hadde Strandebarm skule og prosjektleiinga besøk av 2 representantar frå Utdanningsdirektoratet (Udir). Med på møtet var Turind Ring Østenvig (Udir), Baard Johannessen (Udir), Cathrine Borgen (kompetansemiljøet NLA), Benedicte Klausen (Masterstudent ved NLA), Siv Håbrekke (SU-leiar), Øystein Ådland (skulesjef), Olaug Værland (rektor og delprosjektleiar), Knut Øystein Fosse (inspektør) og Tove Haugen (prosjektleiar). Dagen var brukt til å gå gjennom prosjektet, snakke om erfaringar frå ulike ståstad og vegen mot sluttrapporteringa.

Prosjektleiinga ventar på ei oppsummering av besøket frå Udir. Denne var ikkje kommen før prosjektmøtet starta. Prosjektleiar sender denne ut til prosjektgruppa når den føreligg. Uformelle tilbakemeldingar går på at dagen var fin og fruktbar for dei involverte partane.

### 4. Deltakarkonferanse i Drammen

Det vil bli arrangert ei ny deltakarsamling hausten 2009 for alle prosjekta i 2007-porteføljen frå Kunnskapsløftet- frå ord til handling. Det føreligg ingen informasjon om denne ennå.

### 5. Økonomi

Prosjektmidlane til kjøp av kompetansemiljø er brukt i henhold til budsjett.

#### **6. Prosjektplan/Vidare framdrift i prosjektet**

Ståstads- og organisasjonsanalysen skal gjennomførast innan 30.06.09. Delprosjektleder/rektor har sendt brukarnamn og passord til dei tilsette slik at den kan gjennomførast før skuleslutt.

Det er ein elevfri onsdag att. Denne vil bli brukt til oppsummering av skuleåret, timeplanarbeid og planlegging av oppstart hausten 09.

Prosjektet avsluttast formelt ved skuleslutt. Likevel ynskjer ein å nytte enkelte onsdagar neste skuleår til å vidareføre arbeidet med organisasjonsutvikling og vitskapspedagogikk på skulen.

Planleggingsdagane 09/10 for Strandebarm skule, ser ut til å ha vurdering som tema.

#### **7. Gjennomgang av arbeid som skal gjerast mot sluttrapporteringa.**

Prosjektleder la fram eit notat med moment som det skal arbeidast med fram mot sluttrapporten.

#### **8. Neste prosjektmøte**

Det vil i løpet av august og september bli kalla inn til arbeidsmøte i samband med sluttrapporteringa .

#### **9. Eventuelt**

Det blei minna om arbeidet som skal gjerast i samband med å markera at prosjektet er avslutta. På sist prosjektmøte vart ein eining om at markeringa skulle profilere våre positive erfaringar gjennom prosjektet, og synleggjere for alle involverte, at me går inn i ein ny fase. Media vil bli invitert til denne markeringa. Planlegging og tidfesting av denne markeringa, vil gjerast i eit samarbeid mellom Øystein Ådland, eventuelt skulesjefen og delprosjektleder/rektor. Dei held prosjektleder orientert.

Referent:

Tove Haugen, prosjektleder